



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 29 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Endringar i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 23. november 2018,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

---

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar mv. under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2018.

### 2 Endringsforslag

---

#### **Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet**

*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald – ordinære forvaltningsorgan, kan overførast, kan nyttast under post 50*

Landbruks- og matdepartementet har selt ein skogeigedom i Etne kommune og to parsellar i Tromsø kommune. Inntektene frå desse sala er førte på inntektskapittel 4100, post 40. Det blir gjort framlegg om at utgiftskapittel 1100, post 45 blir auka med 1,6 mill. kroner. Midlane blir nytta til investeringar og til vedlikehald av departementet sine eigedommar.

#### **Kap. 1142 Landbruksdirektoratet**

*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Grunna meirbehov knytt til oppfølging av ny rein-gjerdekonvensjon mellom Noreg og Finland blir det gjort framlegg om ein auke på kap. 1142, post 45 med 0,5 mill. kroner. Meirforbruket blir finansiert ved å omdisponere 0,5 mill. kroner frå kap. 1142, post 80, som då blir redusert tilsvarande.

*Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, overslagsløyving*

For å dekke reelt forbruk på posten knytt til utbetaling av beiteleige til Trollheimen/Igelfjellet Reinbeiteforening, blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med 15 000 kroner.

*Post 80 Radioaktivitetstiltak, kan overførast*

I tråd med omtalen under kap. 1142, post 45 blir det gjort framlegg om at kap. 1142, post 80 blir redusert med 0,5 mill. kroner.

### Kap. 1148 Naturskade – erstatningar

#### *Post 71 Naturskade – erstatningar, overslagsløyving*

Løyvinga på posten er på 156 mill. kroner. Tilsegn om erstatning for naturskadar blir gitt med ein frist for gjenoppretting på 3 år. Utbetaling av erstatning skjer når skaden er retta opp. Det er difor knytt ei tilsegnfullmakt til posten, som for 2018 er på 93 mill. kroner.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalingar i 2018, og for tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2018, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med 50,7 mill. kroner, og å redusere tilsegnfullmakta med 31,6 mill. kroner, til 61,4 mill. kroner, jf. forslag til romertalsvedtak.

### Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket

#### *Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, kan overførast*

Løyvinga for 2018 er på 69,3 mill. kroner. Tilsegn om tilskott til tømmerkaier og skogsvegar blir gitt med ein frist for gjennomføring. Det kan ta noko tid før prosjekta blir ferdige og tilskotta blir betalt ut. Det er difor knytt ei tilsegnfullmakt til posten, som for 2018 er på 118 mill. kroner.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalingar i 2018, og tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2018, gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga på posten med 12 mill. kroner, til 57,3 mill. kroner, og å auke tilsegnfullmakta med 12 mill. kroner, til 130 mill. kroner, jf. forslag til romertalsvedtak.

### Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.

#### *Post 71 Tilskott til erstatningar m.m., overslagsløyving*

Tørke og varmt ver i vekstsesongen 2018 har gitt låge avlingar i fleire planteproduksjonar i store delar av landet. Særleg blei det ein vanskeleg situasjon for husdyrprodusentar med storfe og sau. Ved handsaminga av Prop. 119 S (2017–2018) blei det difor vedteke ei auka løyvinga på posten på 216 mill. kroner, jf. Innst. 21 S (2018–2019). Fleire satsar for erstatning blei auka, og løyvinga på posten er etter dette på 259 mill. kroner.

Regjeringa gjer no framlegg om å oppdatere prognosane for dei totale utbetalingane av erstat-

ningar for avlingsskader. Fristen for å søkje om erstatning for avlingsskade var sett til 31. oktober 2018. Av omsyn til likviditeten til mange bønder er det lagt vekt på rask sakshandsaming. Med dei omfattande skadane som er registrert i dette året, blir prognosane svært usikre. Det er òg usikkerheit kring fordelinga av utbetalingane mellom 2018 og 2019. Dei førebelse prognosane frå fylka viser samla erstatning på opp mot 1,3 mrd. kroner. Det er prognosert at 838 mill. kroner blir betalt ut i 2018. Når ein tek omsyn til at løyvinga allereie blei auka med 216 mill. kroner tidlegare i haust, jf. Innst. S 21 (2018–2019), gjer departementet no framlegg om å auke løyvinga med 579 mill. kroner til 838 mill. kroner.

#### *Post 73 Pristilskott, overslagsløyving*

Tørken sommaren 2018 vil påverke utbetalinga frå fleire av ordningane under denne posten.

Totalt har Landbruksdirektoratet anslått ei innsparing på 234,1 mill. kroner i prisnedskrivning for norsk korn og matkorn. Prognosane er basert på rekneskapstal for kornavlinga i 2017 der vel 30 pst. blei levert i 2018. I 2017 blei det gode kornavlingar, og leveransane i 2018 er klart over eit normalår. På den andre sida er kornavlinga for 2018 prognosert til om lag 55 pst. av eit normalår. Med så låge kornavlingar er det større usikkerheit enn normalt knytt til fordelinga av leveransane mellom 2018 og 2019.

Også frakttilskotta er påverka av tørken. Det blir redusert tilskott til frakt av korn, men auka frakttilskott til frakt av kraftfôr som til ei viss grad vil erstatte ein del grovfôr. Det er òg rekna med ei auka slakting, og dermed auka tilskott til frakt av kjøt som følge av mangel på grovfôr. Landbruksdirektoratet har totalt berekna eit meirforbruk i tilskott til frakt på 26 mill. kroner.

Gode epleavlingar gir ein prognosert auke i distriktstilskott til grønt, medan lågare totalt tal på sau/lam gir mindre leveransar og tilskott til ull.

For posten totalt gjer departementet framlegg om å redusere løyvinga med 179,8 mill. kroner, til 3 338,9 mill. kroner.

### Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

#### *Post 40 Salg av eigedom*

Grunna inntekter frå salg av ein skogeigedom i Etne kommune og to parsellar i Tromsø kommune gjer departementet framlegg om å auke inntektsløyvinga med 1,6 mill. kroner.

**Kap. 4115 Mattilsynet***Post 01 Gebyr m.m.*

Revidert prognose for gebyrinntektene i år er 183,8 mill. kroner. Prognosen tilseier ei samla mindreinntekt på om lag 12 mill. kroner, der 8 mill. kroner er knytt til mindreinntekter frå tvangsmulkt. Prognosen for dei resterande gebyra tilseier ei mindreinntekt på om lag 4 mill. kroner, der hovuddelen er knytt til gebyra for høvesvis kjøtkontroll og tilsyn og kontroll med akvakulturlegg.

Det blir gjort framlegg om at posten blir redusert med 12 mill. kroner.

**3 Andre saker**

---

**Kap. 1142 Landbruksdirektoratet***Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark, kan overførast**Orientering om bruk av post 71 til teljing av rein sør for Finnmark*

I samanheng med reduksjon av talet på rein i Finnmark har det over fleire år vore naudsynt å gjennomføre teljingar av rein som eit særleg kon-

trolltiltak. Prioriteringa av Finnmark har medført at det ikkje er telt rein sør for Finnmark på fleire år. Teljingane av rein blir gjennomført av eit teljekorps som har kunnskap og oversikt over aktuelle reinmerke. I 2018 har teljekorpsset hatt høve til å telje rein sør for Finnmark. Etter ei totalvurdering har Landbruksdirektoratet vurdert det slik at det er mest naudsynt å telje i Nordland og Troms reinbeiteområde. Opplysningar om distrikta sine reelle reental er avgjerande for å leggje til rette for ei økologisk berekraftig utnytting av beiteressursane. Kunnskap om reental er òg viktig i samanheng med Fylkesmannen sitt arbeid med arealvern og handsaming av søknader om tilskott. Vidare vil teljing gi innsikt i distriktet si reindrift generelt. Teljing av rein i enkelte distrikt i Nordland og Troms blir dekt over kapittel 1142, post 71 i 2018.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2018 under Landbruks- og matdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2018 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1100		Landbruks- og matdepartementet	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold – ordinære forvaltningsorgan, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i> , blir auka med.....	1 600 000
		frå kr 19 412 000 til kr 21 012 000	
1142		Landbruksdirektoratet	
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i> , blir auka med.....	500 000
		frå kr 1 312 000 til kr 1 812 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	15 000
		frå kr 452 000 til kr 467 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	500 000
		frå kr 500 000 til kr 0	
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	50 700 000
		frå kr 156 000 000 til kr 105 300 000	
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	12 000 000
		frå kr 69 300 000 til kr 57 300 000	
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med.....	579 000 000
		frå kr 259 000 000 til kr 838 000 000	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med.....	179 794 000
		frå kr 3 518 674 000 til kr 3 338 880 000	

## Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	40	Salg av eigedom, blir auka med ..... frå kr 16 692 000 til kr 18 292 000	1 600 000
4115		Mattilsynet	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med ..... frå kr 195 787 000 til kr 183 787 000	12 000 000

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

## Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2018 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade – erstatningar	61,4 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i landbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket	130,0 mill. kroner





